

# Språkåret – Norsk, eit asiatick tungemål og gudespråk

Snorre Sturlason skreiv ei lærebok i skaldskap og gammal, norrøn mytologi på 1200-talet, populært kalla «Snorre-Edda» eller «Den yngre Edda». I innleiinga til dette verket prøver Snorre blant anna ein stad å forklare kvar dei nordiske eller germanske språka kom frå.

I normalisert form såg språket til Snorre om lag slik ut: «Eptir þat fór hann norðr þar til er sjár tók við honum, sá er þeir sQgðu at lægi um Qll IQnd, ok setti þar son sinn til þess ríkis er nú heitir Nóregr.» Denne setninga blir i Ivar Mortensson-Egnunds omsetjing til: «Deretter fór han til dess han kom til den sjøen som dei trudde låg rundt alle land, og sette son sin til å rå i det riket som no heiter Noreg.»

«Han» er Odin i dette tilfellet, og sonen hans heitte Sæming, mens det var sonen Yngve som blei konge i Svitjod, dvs. Sverige. Ifølgje Snorre stamma Odin frå Asia, eit land der jorda var fagrare og betre enn andre stader, mens det i den nordre delen av Europa var så kaldt at det ikkje voks gras der og ingen budde i den delen av verda.

Odin og kona Frigg hadde spådomsevner og fann ut at dei ville bli heidra i den nordlege delen av verda. Derfor reiste dei frå Asia og Tyrkland, som det står skrivne. Dei stoppa ikkje før dei kom til Saksland, som vi kjenner som Sachsen, og som ligg midt i hjartet til det germanske området. Deretter gjekk turen vidare via Reidgotaland, som seinare heitte Jutland, og som i dag heiter Jylland, før han kom til Svitjod, altså Sverige, og så var det Noreg sin tur.

Dei gamle gudane blei kalla «æser»; i eintal «ås». Snorre trudde at dette måtte tyde «menn frå Asia». Han fortel at æsene tok seg koner i norderlanda, dvs. Sachsen, Danmark, Sverige og Noreg, og at det var tungemålet til æsene, asiaspråket, som spreidde seg i desse landa. Dette verka rimeleg. Snorre skriv (i Mortensson-Egnund si omsetjing): «Dette tykkjest folk kunna skjøna av det at når namna på son etter får hjå dei er oppskrivne, så har desse namna følgt med dette tungemålet, og at æsene lyt ha ført det med seg

hit i heimen, til Noreg og Svitjod, Danmark og Saksland. Men i England er det gamle namn på land og stader som tyder på at dei er komme av eit anna tungemål enn dette.»

Moderne språkforskning ser ikkje nødvendigvis nokon samanheng mellom «æser» og «menn frå Asia». Likevel er det slik at norsk og nordiske språk høyrer til den germanske språkgreina, som i sin tur høyrer til den indoeuropeiske språkgreina, som fører oss til India og Asia. Denne kunnskapen er relativt ny. Det er først og fremst på 1800- og 1900-talet ein har forska på slik språkslektskap.

Vi har eit omgrep «folkeetymologi», som tyder at ein prøver å lage seg ei forklaring på eit ord som verkar sannsynleg, men som likevel er feil på vitenskapleg grunnlag. Snorre tok kanskje feil av opphavet til ordet «ås», men han hadde likevel rett i at dei germanske språka faktisk har sitt opphav i Asia.

**JENS HAUGAN**  
Hamar dialekt- og mållag

## Bli med i seniordans

På kommentarsida i Hamar Dagblad den 24.01.13 skrev Gunn Randi Fjæstad: «Vi må satse enda mer på det forebyggende helsearbeidet».

Ho skriv og om målsettingen i den nye stortingsmeldinga på folkehelseområdet som kjem til våren. Under innsatsområda som er lista opp her, står det: Utvikle:

Punkt 5. Et miljø som er trygt og fremmer heisen.

Punkt 6. Samfunn som fremmer aktiv /trygg og frisk alderdom.

Her kjem Seniordansen inn i

På Hamar Velferdssentral kan ein no dansa Seniordans måndag, tirsdag og onsdag. Vi er ein glad gjeng som nett har startet opp med ei nybegynner- og oppfriskingsgruppe på tirs-dager. Vi danser i ring, par / blokk og ulike formasjoner etter feiende, flott musikk.

I pausen står det ferdig kaffe og kringle og ventar på oss. Snart er skravla gang, berre med små input av ei og anna Trønder-skrøne frå han Nils.

Vi er flest damer i Seniordansen, men høyr jenter: Veit de om ein mann som treng å

koma seg ut og bevega seg til musikk, så ta ein "damenes" og få han med deg!

Danseleiarar på Velferdens Seniordans er: Marit/ Ingrid / Kari Marie og snart er Liv og klar for instruksjon. Helga stiller ved behov.

Vil du vita meir om Seniordansen på Velferden, så ring til leiar Tone.

**PÅ VELFERDEN ER DET GODT Å VERA!**

**HELING "DEN GLADE RINGEN"**  
v. Helga

## Bedr med

Gode politiske avgjørende for at godt land å bo i.

Vi vet det er stort rundt om i Kommune dette ønsker Fremme å gjøre noe med.

Eldreomsorg og nomi, trygghet, helsefrihet er sentrale tema av stor interesse for rundt om.

Å sikre gode omsorgstilbud mennesker er viktig være uavhengig av mune man er bosatt finansiering skal løst

Det skal være ansvar at alle får nødvendig helse og tjeneste. Alle skal nødvendig behandling skal være valgfrihetssted med stat

## Togvogn Stort

Den som helst tar seg og bane litt alvorlig han og hun har fått togtogvogn litt dårlig

Men - den som tror på festsfolkelig og rariteter kaffekos og fine kaker

## Språk

Er det mulig å verdensdø ut i vår globaliserte Verdensspråkene utbredelse og betydning dør i stigende teknologisk ekspertise og nå dør ett lite selv hver 14. dag av verdens 7000 språk. Halvparten vil være borte på få år

Det språkpolitisk stor forandring g